



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernombord**

Besøksadresse  
Skinnarbu  
3661 Rjukan

Postadresse  
Postboks 2076  
3103 Tønsberg

Kontakt  
Sentralbord +47 33 37 10 00  
Direkte +47 953 00 640  
fmvtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-  
Vindeggen landskapsvernombord

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2022/3006 -

Dato 13.05.2022

## Innkalling til styremøte 25.05.22

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Onsdag 25.05.22 kl. 10:00  
Stad: Nutheim Gjestgiveri, Seljord

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller [krkhe@statsforvalteren.no](mailto:krkhe@statsforvalteren.no) om du ikkje kan møte.

### Saksliste:

- |           |   |
|-----------|---|
| Sak 7/22  | Godkjenning av innkalling og dagsorden  |
| Sak 8/22  | Saksframlegg:<br>Søknad om utskifting av lågbru med ny betongelementbru nedstrøms dam ved Vindsjåen i Hjartdal kommune – Skagerak Kraft AS  |
| Sak 9/22  | Saksframlegg:<br>Klage på vedtak – søknad om å bore etter vatn og gravearbeid for å etablere gråvatnanlegg og vakuumtoalett på Myklestul gnr. 110 bnr.2 og 5 i Hjartdal kommune – Hedda Kleppen |
| Sak 10/22 | Eventuelt   |
| Sak 11/22 | Neste møte  |



**Sak 8/22**

## **Søknad om utskifting av lågbru med ny betongelementbru nedstrøms dam ved Vindsjåen i Hjartdal kommune – Skagerak Kraft AS**

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

### **Kort om saka**

Skagerak Kraft AS v/ Guttorm Dyrland søker om løyve til å erstatte dagens lågbru nedstrøms hoveddammen ved Vindsjåen med ei betongelementbru.

Det ble bygd veg til sekundærdam Vindsjåen i 2018, og det ble utført av Vesledammen veglag. Veglaget består av rettighetshavarar ved Vindsjåen, og Skagerak Kraft er også medlem. I 2019 rehabiliterte Skagerak Kraft sekundærdam Vindsjåen og bygde båtutsett oppstrøms dammen. I tillegg ble eksisterande lågbru nedstrøms hoveddammen rehabiliterert.

Skagerak Kraft er ansvarleg for drift og vedlikehald av dam, båtutsett og lågbrua.

Lågbrua består av 4 stk Ø600 mm rør, og over desse ligg det eit betongdekke som vatnet kan renne over dersom dei fire røra ikkje har tilstrekkeleg kapasitet.

Lågbrua har fått skader under tapping og det er behov for å gjere tiltak. Betongen er undergrave, og steinblokkar mellom røra sitt utløp er blitt dratt ut av vasstraumen.

Det er etter nokre år i bruk også erfart at det ofte renn vatn over lågbrua, noko som gjer bruken av den vanskeleg. I tillegg medfører det avgrensingar for tappinga frå Vindsjåen til Kovvatn. Det er difor planlagt å erstatte dagens lågbru med ei betongelementbru.

### **Vedlegg**

- Søknad dagsett 20.04.2022 (2022/4613 – 1).

### **Andre relevante dokument, ikkje vedlagde**

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet 2017-2027.

### **Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova**

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er å:

- "Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Pkt. 2.2 i same kapittel, seier at "*Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for: drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og anlegg. (...) når dette ikkje i vesentleg grad vil vere til skade for verneformålet.*"



---

*Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane. Dette går mellom anna fram av § 7 i naturmangfaldlova, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet.*

*I NML § 8 går det fram at offentlege avgjelder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.*

*Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårlig kunnskapsgrunnlag.*

*I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, neverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.*

## Vurdering

Vindsjådammen og parkering/båtutsett ligg stort sett utanfor verneområdet, men lågbrua som ligg nedstrøms hovuddammen ligg innanfor vernegrensa og i eit område som etter forvalningsplanen er definira som brukssone. Relevant forvaltingsmål for brukssonan er at "Områda skal forvaltast med tanke på å ta vare på områdas art og karakter utan inngrep som vesentleg kan endre landskapets utforming", men at «Områda skal kunne nyttast til landbruksdrift for å sikre næringsgrunnlaget til grunneigarane», fordi «Oppretthalding av drift i utmarka er m.a. viktig for å taka vare på kulturlandskap og plantesamfunn, og derved det biologiske mangfaldet.»

Denne saka dreier seg om å fjerne eksisterande lågbru ved å pigge betongen i bitar slik at den kan lastast på lastebil og køyrast til godkjent mottak. Vidare skal røyra gravast opp slik at dei kan nyttast igjen på ein anna stad. Eksisterande steinmassar behaldast på staden, og store steinar vil sorterast ut for å gjenbrukas til erosjonssikring av ny bru.

Den nye betongelementbrua består av prefabrikkerte betongelement som blir frakta med lastebil, og lysåpning på brua er teikna til å vere 5,5 m horisontalt og ca. 2 m vertikalt når det er lagt erosjonssikring på elvebotn mellom landkar. Den nye bruha skal plasserast der lågbrua ligg i dag. Tiltaket vil ikkje medføre nokon form for masseuttak i området, då masser som gravast opp ved fjerning av lågbru vil nyttast om att. Ytterlegare masser vil bli henta eksternt, og det er forventa om lag 5-10 lastebillass med blokkstein og masser til fundamentering av ny bru. Det er planlagt å utføre arbeidet i tidsrommet 1. august 2022 til 26. august 2022, og tiltaket forventast å vere heilt ferdig seinast medio september 2022.

Det er i dette høvet ikkje snakk om tiltak i samband med landbruk eller anna næringsverksemder for grunneigarane, men kraftproduksjon er likevel av stor samfunnsmessig interesse og etablera installasjonar må ein taka omsyn til.



Man må vere trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaka.

Kunnskapsgrunnlaget for denne saka er basert på Naturbasen, forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen LVO, Norsk rødliste for naturtyper, Botaniske registreringar i Brattefjell-Vindeggen, samt registreringar av stølsanlegg og skjøtselsplan for stølsområdet. I tillegg kjem kunnskap om villreinen i området.

Det er ikkje uvanleg med villrein i kringliggende område, men oppe ved sjølve dammen og bru, og på arealet som er omtala i denne saken, er det sjeldan rein å sjå. Området har i mange år vore prega av utbygging og tilrettelegging for samferdsle, og sumarhalvåret er det ofte folk her. Vinterstid er det derimot langt rolegare, då vegen til Windsjåen ikkje er vinterbrøytt. Likevel gjeng det skutertrasé opp. Den er brukta i samband med naudsynt snøskutertransport til hytter og staular i området. Staden er ikkje klassifisera som korkje kalvings- eller vinterbeiteområde.

Under arbeid med utskifting av lågbru med ny betongelementbru, vil ein måtte rekne med ein god del støy samband med graving, pigging og liknande. Det er viktig at det skjer over eit så avgrensa tidsrom som mogleg. Vel og merke vil aktiviteten skje i ein «skjerma» dal, men det er likevel å anta at støyen blir merkbar. Likevel kan ikkje forvaltaren sjå spesielle utfordringar med tanke på korkje villrein eller anna dyre- og fugleliv. Det er ikkje registrera kulturminne på staden, og heller ikkje spesielle botaniske førekomstar.

Ut over villreinen kan ikkje verneområdeforvaltaren sjå at det må takast omsyn til andre faktorar. Det er ikkje registrert raudlista arter på lokaliteten, og det er heller ikkje kjende kulturminne i området. Det vil bli ein endring i landskapets utsjånad. Likevel tar forvaltaren for gitt at tiltakshavar gjer dei naudsynte vurderingar og omsyn, slik som det er beskrive i søknaden. Dessutan vil tiltaket skje ein stad det allereie er gjort gravearbeid og ei lågbru. At staden i tillegg ligg lågt og isolera i terrenget er ytterlegare til fordel.

#### **Framlegg til vedtak:**

Med heimel i verneføresegna kap. IV punkt. 2.2 gjev verneområdestyret Skagerak Kraft AS løyve til utskifting av lågbru med betongelementbru nedstrøms hovuddammen ved Windsjåen, som beskriven og søkt i søknad dagsett 20.04.22.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal skje på barmark.
- Når anleggsverksemda er avslutta, skal området vere pussa og det skal ikkje deponerast masser på staden.
- Arbeidet skal skje så skånsamt som mogleg. Dette gjeld både av omsyn til verneverdiane, men også av omsyn til anna aktivitet og interesser i området.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som viser plassen når den er ferdig. Dette sendast verneområdestyret seinast to månader etter at arbeidet er ferdig.
- Skulle det dukke opp villrein, skal anleggsverksemda stanse opp.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Eventuelle andre naudsynte løyve må tiltakshavar sjølv innhente.



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernombordet**

---

Det kan klages på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke, og eventuelt arbeid kan ikke startast før klagefristen er ute. Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.

Vedtaket vert sendt Skagerak Kraft AS v/ Guttorm Dyrland.

Kopi:

- Hjartdal kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vert og lasta opp i Miljøvedtaksregisteret



**Sak 9/22**

## **Klage på vedtak - søknad om å bore etter vatn og gravearbeid for å etablere gråvatnanlegg og vakuumtoalett på Myklestul gnr. 110 bnr.2 og 5 i Hjartdal kommune – Hedda Kleppen**

Ein syner til vedtak i verneområdestyret 24.03.22 med saksførebuingar, samt klage på vedtak frå Hedda Kleppen, dagsett 21.04.22. Syner elles til all tidlegare sakshandsaming innanfor sakskomplekset.

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er forvaltningsmyndigkeit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker og eventuelle klager på vedtak, jamfør forvaltningslova § 33. Miljødirektoratet er klageinstans.

### **Kort om saka**

Roar Fjeld er ein av to heimelshavarar til eigedommen Myklestul i Hjartdal kommune, gnr./bnr. 110/2 og 5. På eigedomen ligg stulen Myklestul. Fjeld har tidlegare fått løyve til løyve til ombygging av eksisterande ystebu innafor eksisterande grunnflate og eit mindre tilbygg til ystebua, jf.

Miljødirektoratets vedtak av 27.01.20, ref. 2016/11306. Teikningane vart godkjent av verneområdestyret i vedtak av 25.06.20, jf. saksnr. 2019/8590 – 432.2.

Vedtaket vart påkla av sameigepart Mathias Kleppen. Klaga vart handsama av verneområdestyret 22.09.21, og vidaresendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd. 24.03.21 stadfesta Miljødirektoratet verneområdestyrets vedtak, og klaga vert ikkje teke til følgje.

02.06.21 vart søknad om å bore etter vatn og etablere gråvatnanlegg handsama og vedteke (2020/7279-6). Vedtaket vart deretter påkla av sameigepart, og klaga vart handsama av verneområdestyret 07.09.21. Verneområdestyret tok ikkje klaga til følgje, og saka vart difor sendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

I brev dagsett 28.02.22, oppheva Miljødirektoratet verneområdestyrets vedtak frå 02.06.21. Grunngjevinga var at søknaden må vurderast etter naturmangfaldslova § 48, og ikkje etter verneforskrifta kap. 4, punkt 3.1.

Difor vart søknad om å bore etter vatn og etablere gråvatnanlegg handsama på nytt av verneområdestyret etter NML § 48 i møte 24.03.22, og samrøystes vedteke jf. saksnr. 2020/7279 – 432.2.

Hedda Kleppen, som er ideell sameigepart med Fjeld på gjeldande eigedom, har klaga på vedtaket (dagsett 21.04.22). Klaga er gyldig og rettidig innkomen. Det er Kleppen si klage på vedtak frå 24.03.22 (2020/7279-432.2) om løyve til å bore etter vatn og grave grøft på 15 meter for etablering av gråvatnanlegg på Myklestul som no skal handsamast av verneområdestyret.



### **Vedlegg**

- Vedtak godkjent 24.03.22 (2020/7279-432.2).
- Klage på vedtak, dagsett 21.04.22 (2020/7279-13).
- Brev frå Miljødirektoratet, dagsett 28.02.2022 (2020/7279-11)

### **Andre relevante dokument, ikkje vedlagde**

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.
- Naturmangfaldslova.
- Forvaltningslova.
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet 2017 – 2027

I tillegg kjem alle dokument i samband med tidlegare handsaming av søknad om sankebu.

### **Vurdering av klage**

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er forvaltningsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker og eventuelle klager på vedtak, jamfør forvaltningslova § 33. Miljødirektoratet er klageinstans.

Klaga er gyldig og innkommen til rett tid, og skal vurderast fullt ut.

Alle dokumenter i klaga leggjast ved i saka. Dette er eit samandrag av relevante moment i klaga:

Klagar syner til opplysningar i skattenytt nr. 10 og 11/2018, der det ikkje er vanskeleg å lese at Fjeld sitt sauehald ikkje utgjer noko næringsgrunnlag for Fjeld. Det står mellom anna at det er morselskapet til Fjeld, Mimose AS som eig sauene. Det blir vidare vist til feilopplysingar i skattenytt, der oppgitt antal dekar fjellbeite ikkje er tilstrekkeleg beiteareal for så mange sau som Fjeld stadig seier han skal ha.

Klagar meiner at Fjeld tydelegvis skal leige ut sankebu til Mimose AS, og kan ikkje sjå at det er landbruksdrift/sauehald som skal sikre næringsgrunnlaget til Fjeld som grunneigar.

Vidare syner klagar til Naturmangfaldslova § 48, og kan ikkje sjå at Fjeld har nokon tungtvegande omsyn til å få tillating/dispensasjon etter denne heimelen. Klagar kan ikkje finne nokon grunngjeving på kvifor Fjeld treng dispensasjon til å bore etter vatn, til vakuumtoalett, dusj, oppvask, vask og grave 15 meter grøft for å etablere gråvatnanlegg. Klagar saknar grunngjeving for vedtaket, og syner til forvaltningslova §§ 24 og 25 samt. § 11, § 16, § 17 og § 27.

Klagar seier vidare at ho ikkje ser utfyllande dokumentasjon på kravet til at kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg forhold til sakas karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Klagar ser ikkje noko dokumentasjon på grunnen det skal gravast i, heller ikkje korleis hindre avrenning ned til Myklestulvatnet. Det blir vist til at tidlegare vedtak seier at ei isfrei olle i ystebua skal takast vare på, men ikkje korleis det skal gjerast. Klagar påpeikar at ho har rettighetar til bruk av olla som drikkevasskjelde. Vidare skriv klagar at eigedomen har vore i familien i mange generasjonar, men at forvaltinga aldri har vore i kontakt med hennar no avdøde far for å innhente kunnskap om området. Vidare seier klagar det står i verneforskriftene at føremålet med landskapsvernombordet er å take vare på verdifullt kulturlandskap og kulturminne, og at då er rart å gje løyve til å rive ei gamal ystebu som har vore arbeidsplassen til mange generasjonar, øydeleggje ei olle som har vore der i mange hundre år, og bygge nytt som ser ut som ei moderne hytte med alle fasilitetar, når det ikkje finnast nokon grunn som gjer det absolutt naudsnyt.

Vidare peikar klagar på vurderinga gjort av interkommunal miljøhygienisk avdeling knytt til utslepp og forureining, og lurar på om forvaltinga meiner at det er gjort gode nok undersøkingar i høve til kva verneforskrifta seier.



## Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet

Kagar påpeikar at det er utelate i vedtaket korleis Fjeld skal kome inn til ystebua med maskinar og utstyr, fordi dei for nokre år sidan ikkje fekk tillating til å køyre maskinar i området. Kagar synast vedtaket er lite detaljert om kva som skal gjerast og korleis, og det kjem ikkje fram om kvifor Fjeld har behov som kan forsvaret i høve til dispensasjon etter NML § 48.

Kagar meiner heilt klart at ho er å rekne som part i saka, då ho eig 50 % av eigedomen og ystebua, og meiner at Fjeld vil forringe området til fordel for sin privatøkonomi medan kagar ynskjer å bevare området og at tida er inne for å tenke langsiktig. Kagar er heiltidsbonde og kan trenge stulen til beite for dyra, og for sine etterfølgjarar. Kagar meiner at ein eigedomsutviklar med forvaltinga si støtte vil kunne frata ho og framtidige generasjonar moglegheita, og påpeikar at ho er ein part i saka sidan vedtaket er retta mot ho, fordi det tek bort fleire av hennar rettighetar.

Kagar meiner det er kritikkverdig at tiltakshavar sin advokat i denne saka også tidlegare har representert kagar sin no avdøde far, og synast det er rart at forvaltinga ikkje har reagert på dette. Vidare lurer kagar på kvifor verneområdestyret og Miljødirektoratet ikkje sørga for å snakke med hennar far i samband med tidlegare handsaming og dei privatretnslege høva. Kagar seier at det er openbart at tiltakshavar ikkje har dei privatretnslege rettighetane i orden.

Kagar overtok familiegarden etter at hennar far dessverre gjekk bort hausten 2021. Ho har for tida nærmere hundre storfe, og håpar å kunne drive garden vidare på ein berekraftig måte samt ivaretake eigedomen.

### Vurdering av klage:

Fleire av momenta som nemnast i klaga er avklart og vurdert i tidlegare handsaming og vedtak frå både verneområdestyret og Miljødirektoratet. Det gjeld særleg dette med privatretnslege forhold, sakspart, vegleiing og involvering i saka. Det er også slik at det i dette høvet berre gjeld *klage på vedtak om gravearbeid for å etablere gråvatnanlegg på Myklestul*, og ikkje tidlegare vedtak og handsaming knytt til ystebua.

Miljødirektoratet seier følgjande i brev dagsett 28.02.22 (2021/10356):

#### «Vurdering av saksbehandlingen

*Søknaden om dispensasjon er sendt av Roar Fjeld, som dermed er part i saken for verneområdestyret. En sameier blir ikke automatisk part i saken, men har rettslig klageinteresse etter forvaltningsloven. Dette er nærmere redegjort for i direktoratets vedtak 24.03.2021.*

*Spørsmålet om tillatelse etter verneforskriften til ombygging og utvidelse av ystebua er endelig avgjort i tidligere klagesak. Spørsmålet som nå er til vurdering, er om det skal ges tillatelse til å grave etter vann og etablere avløp til bygningen.»*

Når det gjeld dette med privatretnslege forhold har det tidlegare vorte utdjupa i brev frå Miljødirektoratet (Orientering om vedtak om ombygging av ystebu i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet), dagsett 24.08.20 (saksnr. 2019/8590-27): «*Det understrekas at selv om det er gitt en offentligrettslig tillatelse etter verneforskriften til et byggetiltak, så vil tiltakshaver uansett være avhengig av at en har de nødvendige private rettigheter før bygging kan starte. Plan- og bygningsloven (tbl) har egne regler om i hvilke grad kommunen skal vurdere privatretnslige forhold under byggesaksbehandlingen. Dette fremgår av tbl § 21-6. For ordens skyld gjøres det oppmerksom på at det ikke finnes tilsvarende regler om vernemyndighetens undersøkelsesplikt og avvisningsadgang i forhold til manglende privatretnslike rettigheter ved behandling av søknader etter*



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernombordet**

---

*naturmangfoldloven. Denne orienteringen sendes derfor for å gjøre oppmerksom på de begrensingene som ligger i vår behandling, og for å synliggjøre at kommunen har en videre kompetanse til å hensynta privatrettelige forhold i sin behandling etter plan- og bygningsloven.»*

Miljødirektoratet har også tidligare presistert dette med kven som kan reknast som sakspart i brev av 24.03.21, (Avgjørelse i klagesak - vedtak om godkjenning av tegninger av planlagt sankebu på Myklestul i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet (ref. 2020/13296): «Verneforskriften er en offentligrettelig regulering og en søknad/klage skal derfor vurderes ut fra om forskriften gir hjemmel for en tillatelse og om det etter en skjønnsmessig vurdering bør gis en tillatelse. Det foreligger ikke plikt til å innhente kunnskap om privatrettlige forhold, og de privatrettlige rettighetene er fortsatt i behold selv om det er gitt en offentligrettelig tillatelse. Miljødirektoratet la til grunn at det ikke var gjort noen saksbehandlingsfeil og opprettholdt vedtaket.

*For at forvaltningsmyndighetene har plikt til å forhåndsvarsle noen, må de regnes som "part", se forvaltningsloven § 16. Hvem som anses som "part" defineres i forvaltningsloven § 2 bokstav e: Etter første alternativ er det den som "avgjørelsen retter seg mot", etter andre alternativ er det den som saken "ellers direkte gjelder". Forarbeidene til loven legger til grunn at ordlyden skal tolkes snevert. Fjeld er part etter første alternativ ettersom han har søkt om dispensasjon fra verneforskriften, og dermed er den vedtaket retter seg mot.*

*Spørsmålet er om det å være sameier i eiendommen vedtaket berører, er nok til at en person regnes som en "part" i vedtaket. Det andre alternativet i forvaltningsloven § 2 bokstav e favner en videre krets enn det første alternativet. Det andre alternativet forstås slik at den som får sine rettigheter eller plikter direkte forandret av vedtaket, er direkte berørt og således part i vedtaket.*

*Et vedtak fra vernemyndighetene vil ikke berøre sameiers rettsstilling i rettsforholdet mellom sameierne. Privatrettlige forhold er ikke en del av vurderingen etter naturmangfoldloven og verneforskriften. Forvaltningsmyndigheten vurderer tiltaket ut fra påvirkning på verneverdiene, og hvorvidt tiltaket er i tråd med de hensyn som skal ivaretas i verneforskriftene.*

*En søker som får en tillatelse til tiltak i et verneområde, må i tillegg ha grunneiers tillatelse før tillatelsen kan iverksettes. Miljødirektoratet viser til at klagers rettsstilling som sameier ikke er berørt av vedtaket, og at klager derfor ikke er direkte berørt og ikke part i saken etter forvaltningsloven § 2 bokstav e. Vedtaket gir kun Fjeld en tillatelse etter verneforskriften.»*

I klag vert det påpeika at sauehaldet ikkje utgjer noko næringsgrunnlag for tiltakshavar, og at sauene er eigd av selskapet til tiltakshavar. At tiltakshavar sine planar for ystebua er å leige den ut til eige selskap, og at det ikkje er landbruksdrift/sauehald som skal sikre næringsgrunnlaget meiner forvaltinga blir ei spekulering. Hjartdal kommune har opplyst om at tiltakshavar søker årleg produksjonstilskot, og har for sist søknadsomgang registrert 58 vinterföra sau. Forvaltningsmyndigheita reknar dette som at tiltakshavar driv med aktiv landbruksdrift på eigedomen.

Forvaltningsmyndigheita meiner at ein i vedtak av 24.03.22, har hatt tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag og vurderingar om tiltakets verknad på verneverdiene i området, jf. NML §§ 8 - 12.

Forvaltinga har vurdert at dei faglege vurderingane som er gjort av Interkommunal Miljøhygienisk avdeling i dette konkrete høve som tilstrekkelege, og at det aktuelle tiltaket vurderast å vere innanfor sett opp mot bestemmingar i verneforskrifta. Forvaltinga har tiltru til faginstans som har vore på synfaring, då dette er deira fagfelt. Det er Hjartdal kommune som tek stilling til ein evt. utsleppssøknad, mens verneområdestyret i vedtaket har vurdert om tilhøyrande gravearbeid samt om ev. utslepp og forureining er greitt sett i ljós av verneformåla. Det er satt opp fleire vilkår i vedtaket for å sikre dette, og forvaltningsmyndigheita kan ikkje sjå at korkje gravearbeid eller ev. utslepp og



## Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet

forureining vil påverke verneverdiane i nokon nemneverdig grad. Ein ikkje sjå at det konkrete tiltaket vil hindre framtidig bruk av stølsvoll og beiteområde på eigedomen, og heller ikkje vere i strid med føremålet med landskapsvernombordet.

Klagar har påpeika at det ikkje er nemnd noko i vedtak om korleis tiltakshavar skal kome inn til området med maskinar og utstyr. Slik transport har ikkje vore tema i søknaden, som dreier seg om tiltak knytt til gravearbeid for etablering av gråvatnanlegg. Transportmoglegheiter har difor heller ikkje vorte vurdert av forvaltinga på dette stadiet.

Forvaltingsmyndigheita er opptekne av å fylgje verneområdets forskrifter og forvaltingsplan, slik at verneverdiane vert godt ivareteke. Ein er oppteken av å ha god kontakt med grunneigarar, interesseorganisasjonar og brukarar av verneområdet. Det er også tilfelle i denne saka, då ein gjennom all tid med sakshandsaming innanfor denne saka har vore i kontakt og dialog med både klagar og tiltakshavar.

Verneområdeforvaltinga presiserer at denne saka berre dreier seg om dispensasjon frå naturmangfaldslova og verneforskrifta, og at det åleine ikkje kan brukast som juridisk rett til å iverksette tiltaket. Sjølv om det blir gjeve ei tillating til eit tiltak, så vil tiltakshavar uansett vere avhengig av at ein har dei naudsynte private rettighetar før tiltak kan utførast. Det er presisert tidlegare at det ikkje føreligg plikt hjå verneområdestyret til å innhente kunnskap om privatrettslege forhold, og dei privatrettslege rettighetane er framleis i behald sjølv om det vert gjeve ei offentleg rettsleg tillating etter verneforskrifta og naturmangfaldslova. Forvaltingsmyndigheita vurderer tiltaket ut frå påverknad på verneverdiane, og i kva grad tiltaket er i tråd med dei omsyn som skal ivaretakast i verneforskriftene. Ein som får ei tillating til tiltak i eit verneområde, må i tillegg ha grunneigars tillating før tiltak kan iverksetjast.

Når det gjeld vedtak om løyve til gravearbeid for å etablere gråvatnanlegg, altså sjølve klagegrunnlaget og det som faktisk skal vurderast i dette høvet, så meiner forvalningsmyndigheita at det i dette høvet kan gjevast dispensasjon etter naturmangfaldslova § 48, då tiltaket vurderast å ikkje vere i strid med verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig. Fleire av momenta i klagan er av privatrettsleg karakter samt vurdert og avklart i tidlegare handsaming knytt til ystebua.

Etter å ha vurdert klagan i sin heilskap, og vurdert kva som er relevant og eventuelt nye vesentlege moment i saka knytt til vedtak av 24.03.22, kan ein ikkje sjå nokon grunn til å endre på verneområdestyrets vedtak.

### Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet kan ikkje sjå at klagan frå Hedda Kleppen inneholder nye vesentlege moment som kan gje grunnlag for å gjera om på vedtaket i verneområdestyret frå 24.03.22.

Vedtaket vert ståande og saka sendast til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Vedtak vert sendt Hedda Kleppen.



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernombraðe**

---

Kopi:

- Hjartdal kommune
- Sameigepart Roar M. Fjeld
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell